

› 8 Miljø og kultur

	8 Miljø og kultur	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2020	2020	2020	2019
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	71	276	276	63
2423	MOT - PROSJEKTET	304	361	361	350
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	361	338	338	354
3620	FRILUFTSLIV	222	266	266	200
3650	KULTURMINNEVERN	-72	98	98	134
3700	BIBLIOTEK	1 654	1 763	1 763	1 605
3750	MUSEER	-	3	3	274
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	145	140	140	145
3810	IDRETT	264	250	250	259
3830	KULTURSKULE	2 082	1 714	2 264	2 850
3850	KULTURKONTORET	429	772	1 422	1 458
3851	ANDRE KULTURTILTAK	137	109	109	88
3852	Frivilligsentral	566	700	700	855
Sum gruppeansvar: 8 MILJØ OG KULTUR		6 164	6 788	7 988	8 636

Eininga Miljø og kultur dekkjer tenester som vist på rekneskapoversikta ovanfor. Årsmeldinga oppsummerer dei viktigaste prioriteringane i 2020 utan å ta for seg kvar enkelt teneste, med vekt på brukarretta tenester utan å kommentere tenester der ein fordelar midlar til lag, organisasjonar og nærmiljø.

Eininga har vore utan einingsleiar sidan februar. Frå 2021 blir dei ulike tenesteområda med unntak av kulturskulen overførte til den nyoppretta eininga Kultur, service og næring.

Kulturskulen vart i 2020 overført frå ramme 8 til ramme 5 Oppvekst. Budsjettet vart redusert og midlar overført til oppvekst. Frå 2021 blir også budsjettet overført til ramme 5.

Økonomi

Sjølv om det viste seg vanskeleg å få til den vedtekne budsjettreduksjonen for kulturskulen, gjekk eininga med eit mindreforbruk på 624.000 kroner. Ein viktig grunn er at stillinga som einingsleiar stod vakant sidan februar, stillinga som kulturkonsulent stod vakant sidan august. I tillegg må det nemnast at Frivilligsentralen har lykkast med å få inn store tilskot både frå private og offentlege instansar.

Ungdommens kulturmonstring

Ungdommens kulturmonstring 2020 vart gjennomført i februar med Valderøy skulekorps som teknisk arrangør som så mange år før. Men fylkesmonstringa vart gjennomført digitalt. Dei ulike innslaga vart filma i Ålesund og presentert på UKM sine sider. Flinke ungdomar frå Giske gjorde ein flott figur på fylkesmonstringa.

MOT

Våre to MOT-coachar er ein viktig del av det forebyggjande arbeidet som skjer inn mot ungdomsgruppa. MOT gjennomfører 12 besøk til ungdommane i løpet av dei tre åra dei går på ungdomsskulen, og er også på besøk i 7. klassene. MOT har to 20 % stillingar.

Nøkkeltal	Eining	1532 Giske	1507 Ålesund	1531 Sula	EKG01 KOSTRA- gruppe 1	EAKUO Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	Prosent	1,5	2,6	2,1	3,0	4,0
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	Prosent	0,5	0,8	0,4	0,9	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	Prosent	0,4	0,6	0,7	0,7	0,8
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger	Kr	905	1671	1284	1930	2510
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) per innbygger	Kr	366	750	588	918	1166
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger	Kr	11	702	175	702	1385
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger	Kr	195	280	233	291	295
Besøk i folkebibliotek per innbygger	Antall	1,2	2,8	2,2	1,9	2,7
Utlån per innbygger	Antall	1,5	1,7	2,2	2,1	2,1
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole	Prosent	21,7	15,3	14,3	17,9	13,6
Besøk per kinoforestilling	Antall		16,2	11,4	17,2	15,8